

Arbeids- og sosialdep.
v/ postmottak@asd.dep.no

Fråsegn om føreslåtte endringar i arbeidsmiljølova

Raudt Høyanger syner til vår fråsegn mot at arbeidsmiljølova (aml) skal endrast slik at det blir lettare for bedriftene og arbeidsgjevarane å gjere mellombelse tilsetjingar. Denne fråsegna var sendt til dep. innan fristen 25.9. og me ser av dep. sit nettside at den er registrert.

Raudt Høyanger skal i det følgjande uttale vår meining **mot** dei andre føreslåtte endringane i aml.

Kollektiv søksmålsrett

Raudt Høyanger er oppteken av kampen mot sosial dumping. Me ser den kollektive søksmålsretten som eit viktig tiltak for å sikre at innleigde arbeidstakarar får likehandsaming når det gjeld arbeids- og lønsforhold.

Overtidsreglane

Me registrerer at grensene for overtidstimar som kan påleggjast og avtalast vert føreslått strekte atskilleg. Raudt Høyanger meiner at dette er eit klart tilbakesteg for arbeidstakarane fordi det gjer det vanskelegare å planleggje fritida. Det er også helsemessige årsaker til at arbeidsfolk har kjempa fram normalarbeidsdagen på 8 timar og til at overtid Bruken tidlegare har vore sterkare avgrensa enn det som no vert føreslått.


Sundagsarbeid

Raudt Høyanger går mot utvida bruk av sundag til arbeid. Mykje av dei same årsakene er som ovafor under Overtidsreglane. Me meiner at sundagane skal vere ein kollektiv fridag for flest mogleg – unntaka skal avgrensast til gjeldande reglar som m.a. tillet sundagsarbeid i prosessar som krev heilkontinuerleg drift og t.d. omsorgsarbeid.

Generelt

Når det gjeld endringar utover desse og meir generelle kommentarar, vil Raudt Høyanger vise til dei fråsegnene som har kome frå ulike deler av fagrørsla. Me stiller oss bak desse.

Med helsing
Raudt Høyanger



Einar Rysjedal
leiar